

# FORELDREINFO APRIL 2025

## FAU/SU

Referat frå FAU 25.03 og SU 29.04 finn de på heimesida [her](#).

Minnar om foredraget Robuste barn av Line Marie Warholm den 22.mai kl.19:30 på Samfunnshuset



## Bjerkreimsverden

Me kan nå sjå forma på pump track banen, og korleis landskapet blir. Me har hengt opp informasjon utanfor hovudinngangen kor de kan sjå kvifor nokre leikeapparat som kjem til å bli montert i løpet av våren.

## Kontaktlærarkabalen for skuleåret 25/26

- 1.trinn Mona H. Rinden
- 2.trinn Susanne G. Tengesdal
3. trinn Marit Irene E. Olsen og Susanne L. Vatnemo
4. trinn Per Emanuel Valand
- 5.trinn Hallgeir Hansen
- 6.trinn Gudbjørg Bjerkreim og Kim Jensen
- 7.trinn June Oliversen

Kommunestyret har vedteke skuleruta for 25/26 og forskrift om skuleregler for Bjerkreim og Vikeså skule. Dei har også vedteke at ordninga med skulefrukt fortsett neste skuleår.

Legger ved linkar:

- [Skuleruta 25/26](#)
- [Skulereglane](#)

Hei!

Me har hatt ein flott april med mykje uteskule og turar i lokalmiljøet. Elevane på 1.trinn fekk vera med på vårens flottaste eventyr, nemleg lemming. 5.trinn var i Jøssingfjord på det nya Vitenmuseet, her lærte dei om geologi og bergverk.

Mai startar med langhelg på skulen, og er som vanlig full av kjekke aktivitetar for alle elvane. Nokre er for alle elevane som at trivselslederane skal arrangera fotballturnering, og me skal i gang med saman for meistring time på tvers av trinna. Mens andre er for nokre av trinna som Tinestafetten, besøk hos fayansemuseet og flaks sjonglering for å nevna nokre aktivitetane elevane kan glede seg til nå i mai.

Mvh Karen M. Ollestad

Rektor

## SFO

SFO feira den store SFO-dagen på forskott. Med tema og fokus på mat og måltidsglede blei det laga vaflar med havregryn. Dei runda av med å fortelja om kor viktige bier og andre insekt er for oss og matproduksjonen. Dei sådde «honningblomster» som alle får med seg heim når de har begynt å spira

